

Naboinfo september 24

Snart sprenging på tomta

Det nærmar seg at vi skal starte med sprengingsarbeid på tomta til administrasjonsbygget.

Dette arbeidet vil ta om lag to månader og det kan verte eit par, tre sprengingar for dag i snitt. Akkurat når det blir sprengt, kan vegen bli stengt i opptil femten minutt.

I samband med sprenging av tomta vert det montert vibrasjonsmålarar på nokre hus. Kva hus det gjeld har kome fram i tidlegare kartleggingar.

Dersom du vil ha melding om når det skal sprengast, så send ein sms til fungerande byggeleiari Solgunn Gudmundset, tlf 98 26 57 22. Har du meldt frå før om at du vil bli varslet, treng du ikkje gjøre det igjen.

Meir detaljert informasjon om oppstart kjem på på www.blafjordar.no.

Steinknusing

Når vi går i gang med sprenging på tomta, skal også ein del av steinen knusast. Det ser ut til at arbeidet med steinknusing vil starte mot slutten av september, og det er planlagt at arbeidet skal vare i om lag ein månad.

Steinen blir knust for at den kan gjenbrukast på tomta og til oppbygging av veg. Det gir mindre transport av massar og dermed mindre trafikk langs vegen

Før arbeidet startar skal det lagast eit støysonekart og ein plan for måling av støy.



Irritert på trafikklysa, ja?

Vi forstår at det er lenge å vente på grønt lys og irriterande når ein kanskje ikkje ser aktivitet langs vegen heller.

Trafikklysa er sett opp for at det skal vere trygt både for deg som går og kører langs vegen og dei som arbeider der.

Trafikklysa gjer også at entreprenøren får plass og rom til å arbeide slik at vi kan få raskare ferdig fortauet og den nye vegen og bli kvitt trafikklysa.

Har du meiningar og innspel om dette, så ta kontakt med byggeleiari Solgunn Gudmundset. Dei som arbeider på staden er berre ute på oppdrag frå oss.

Meir graving på sjølve vegen

Utover hausten skal vi arbeide med å ta vekk delar av eksisterande veg og bygge ny. Det betyr naturleg nok smalare veg medan vi arbeider.

Det betyr også at vi må halde styr på trafikken ved hjelp av trafikklys. Vi ser på korleis vi kan få kortast mogleg periode med raudt lys samtidig som vi skal gi entreprenøren rom til å arbeide.

Det er også meininga at ein skal jobbe berre på delar av strekninga slik at ikkje strekket med smal veg og trafikklys blir for langt.

Meir detaljar kjem på www.blafjordar.no når framdriftsplanen er godkjent av Sula kommune.

Ferdig i vinter

Etter planen skal det nye fortauet, gatelys og ny, breiare veg langs Kongshaugstranda vere ferdig i vinter.

Har du spørsmål?

Er det noko du lurer på eller vil seie i frå om, så ta kontakt med fungerande byggeleiari Solgunn Gudmundset

- e-post solgunn.gudmundset@advansia.no
- telefon 98 26 57 22

Du finn også nytt frå prosjektet og oppdatert praktisk informasjon til naboor på www.blafjordar.no i tillegg til at vi legg ut nytt om prosjektet på Facebook-sida vår.

